

Livet i sårbare fjordar og grunne kystområde – vårt felles ansvar

Rapport frå lys- og snurpefiske i Austefjorden i Volda kommune ca. 1955 – 02.02.2020

Austefjorden, ein referansefjord i fiskesamanheng



Tilfeldig «nothund» på gamal grenselinje Skorneset - Årsetstokken. Iflg. gamle sagn er Årsetstokken kjølstokken frå Heilag-Olav sin storebåt «Oksen». Dei dreiv av i ei austavindskule då dei skulle inn og skattlegge Fure/Fyrde på tur til Stiklestad og skada båten i fjøra. Foto: Knut Arne Årset

Rapporten er utarbeidd av Oddvar Høydalsvik med jamaldra og eldre bygdefolk som lokale informantar

Andre utgåve, gjeld frå 02.02.2020. Erstattar Austefjord Grendalag/Oddvar Høydalsvik 28.01.2019

Innholdsliste

Innholdsliste	2
Mottakar av rapport.....	3
Bestillar av rapport.....	3
Bakgrunn for rapport, underskriftsliste av 18.12.2018.....	3
Kvifor utvida informasjon	3
Rapporten, skrivar i samarbeid med tidsvitna og offentleg informasjon	4
Tekstdelen frå underskriftsliste 18.12.2018.....	6
Kystfiskeri. Ein gjennomgang av informasjon frå fiskeridir.no si heimeside	8
Kvar er fjordane i Volda kommune (her Austefjorden som referansefjord) i dag med tanke på lokal fisk ?.....	10
Kvar bør fjordbotnane i Volda (her Austefjorden som referansefjord) vere som fiskefjord og med fiske i elvane?	11
Korleis skal ein gjennomføre ei fornuftig regulering ?	12
Kortversjon om snurpenotfiske i Austefjorden og Dalsfjorden sommar og haust 2018 og 2019.....	12
Reaksjonar etter fiske med snurpenot og lys 2018 og 2019	14
Av hardhent fiskeri er det nokre hendingar som skil seg ut i muntlege overleveringar	14
Kva toler fjordane (her Austefjorden, indre del som referanse), av fiskje utan at lokale bestandar bryt saman ?.....	16
Austefjorden (og andre fjordbotnar, gjerne terskelfjordar) si evne til å vere rein. Empirisk forskning frå ei anna tid	17
Notbruk frå alders tid	19
Ei vurdering av lysmengde pr. lysbåt 1957 - 2018	21
Candela, lumen og lux har det ved seg at	22
Ein kan gjerne hente fram spesialkompetanse, men.....	22
J-meldingar frå www.fiskeridir.no funne om reguleringar i Austefjorden.....	23
Andre nyttige lenkjer.....	24
Sluttsats, skrivar, E-post og telefonnr	24

Mottakar av rapport

- Fiskeridir. sak 18/17946 (utøvande mynde, nasjon, på sjø/saltvatn)
- Miljøverndir. sak 2019/2500-2 (ansvarleg mynde, nasjon, på elv/ferskvatn)
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal sak 2019/178 (utøvande mynde, lokalt, elv/ferskvatn)
- Volda kommune sak 2019/45 (pr. 01.01.2020 har Volda kommune i tillegg Bjørke og Hornindal som nye område)
- Ørsta kommune sak 2019/126 (pr. 01.01.2020 er Bjørke-område, del av Hjørungfjorden, overført til Volda kommune)

Bestillar av rapport

Austefjord grendalag i bygdemøte 10.01.2019 med bakgrunn i at bygdefolket i 2018 med fortvilning og sinne hadde sett reprise på fyrste gongs nedfisking av lokale, faststående, fiskebestandar rundt 1960

Bakgrunn for rapport, underskriftsliste av 18.12.2018

Austefjorden 18.12.2018

Til: **Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen, v/region Midt**, Sak nr. 18/17946
Austefjorden i Volda kommune, Møre og Romsdal, lenger ned i dette dokument

Kvifor utvida informasjon

Utvida informasjon er naudsynt med grunn i at fiskeridirektoratet ikkje på nytt innfører forbod mot bruk av lys ved snurpenotfiske i trange fjordar og grunne område i Møre og Romsdal, jmf. J-169-2017 etter varsel til fiskeridir. om kraftig overfiske av botnafisk, lokal sild og anadrome fiskeartar. All fisk i grunne område samlar seg på lys, for djupe nøter når botnen. Resultatet er daude område

Ein vonar å få slutt på **andre gongs overfiske på sårbare lokale fiskestammer**. Førre gong det same skjedde i Møre og Romsdal var i tida ca. 1955 – 1972, då lysforbod vart innført etter stor lokal innsats

Vår foreldregenerasjon (f. 1900 – 1925) der **tyngda av vaksne menn var deltakarar i profesjonelt fiske** kalla det som føregjekk rundt 1960 for **rovfiske**

Siste lys- og snurpenot-reguleringar for Møre og Romsdal er i **praksis lik regulering 1963**. Altså ingen regulering. Lysmengde fekk si fyrste regulering i 1964

Samanliknar ein med fyrste runde ca. 1955 – 1972 , og er heldige, er lokal sild «oppe og går» **ca. i år 2080**

Då må ein starte i dag

Rapporten, skrivar i samarbeid med tidsvitna og offentleg informasjon

Rapporten er utarbeidd av Oddvar Høydalsvik (skrivar) med jamaldra og eldre bygdefolk som lokale informantar. Altså: Dei som såg og dei som har fiska i området frå før fyrste nedfisking ca. 1955 – 1972 til no

Skrivaren (etter oppmoding frå fiskeridir: «Gjer greie for kven du er om du vil bli teken omsyn til»): Oppvaksen på fjordgard med lokal notdrift og trebåtbygging. Landbruksmekanikar frå 1970 med praksis landbr-, anleggsmaskiner og litt båt og har reparasjonskunnskap for reiskap på land og sjø (mykje er likt). Har tekn. fagskule etter rundt 10 år i bedrift, og nokre vektta yrkes-pedagogikk. Faglærer mekaniske fag i VG skule, landbruksmek/arbeidsmaskiner

Tidsvitne: Rundt 1960 fekk ein, nokre halv-vaksne og ungar på orkesterplass sjå korleis nedfisking av restfiske etter nedfisking av sildestamma i Nordsjøen gjekk føre seg. **Gjenkjenning av situasjonen gjer at ein slår alarm**, sjå underskriftsliste

Så kom ei oppmoding frå bygda om å **samle informasjonen som er att**. Her er den i kortversjon

Skrivaren **ber om tilbakemelding** om forklaringar er vanskeleg å forstå. Sjølv plagast han med lovspråket som verkar omstendeleg og kronglete. Rettleiing frå fiskeridir. seier at omgrepet **snurpenot** skal nyttast for kysten, og: «Ringnot er et konsesjonspliktig fiskeri som er forbeholdt større fartøy»

Informasjon og vurderingar bygg på «livsvisdom frå eigen og førre generasjon», eigne røynsler, lokale notatar, kystsoneplan for Volda, museumsarbeid og fiskeridir. sine heimesider og J-meldingar

Om ein ikkje trur på opplysingane i denne rapporten frå ut-bygda: Gå djupt nok i fiskeridir. sine innleveringar til statsarkivet, kommunale vedtak, fiskestatistikk, fiskeriblad, aviser og tilgjengeleg teknisk informasjon. **Dette er fiskeridir. og Havforskningsinstituttet si oppgåve**

Referanse: AUSTEFJORDEN (VOLDA) SAK **18/17946** til Fiskeridirektøren www.fiskeridir.no

Underskr.liste **18/17946** frå Austefjorden til Fiskeridir. av 18.12.2018,

der denne utgreiinga er utfyllande informasjon. **Oppdatert 02.02.2020**

I underskriftsliste av 18.12.2018 frå folket i innte Austefjorden er dette skrivet du les no, peika på i nest siste avsnitt før underskrifter: «**Vi sender etter.....**» om forvaltning av fiskeri i området. **Teksta i underskriftsliste ligg som eige avsnitt her. Sjå innhaldsliste.** Tema i underskriftsliste og rapport:

- Kystfiske. Forvaltning med reguleringar etter 1945. Jakta på informasjon
- Kva veit ein om tidlegare fiske i området. Området sin empiriske kunnskap om tolegrense
- Korleis kan ein bøte på skadane etter snurpenotfiske med for djup not i grunne område
- Er dette berre ei Austefjord-sak, eller har nærområdet og resten av kysten noko felles ?
- Det er i alle fall ei Volda/Ørsta-sak som gjeld Austefjorden, Kilsfjorden/Fylsvika, Dalsfjorden, Hjørungfjorden og Ørstafjorden. Alle er/har terskelfjordar og laks- og aure-vassdrag
- Nytt frå 01.01.2020 er at Volda kommune har to nye område ved regulering av kommunegrenser. Indre Hjørungfjorden, Storfjorden/Bjørke-området, og tidlegare Hornindal kommune

- Storfjorden/Bjørke-området er fiskerimessig likt dei andre fjordane i Volda kommune. Også på den måten at det er ei god laks-og aure-elv i botnen. Ulikt på den måten at hav-straum-driven overgjødsling/forureining blir frakta inn frå Storfjorden og Ålesundsområdet
- Hornindal har ikkje grense til sjøen, men har sin oppgang av laks og aure frå Norfjorden i Norfjord, frå 01.01.2020 i Vestland fylke. Fisken går opp Eidselva til Hornindalsvatnet, opp vatnet og opp i Honndøla (elv) i Grodås. Utfordringane for fisken «synnja i Statten» er dei same som på nordsida for grunne fjordbotnar
- Syner vidare til fiskeridirektoratet sine J-meldingar, funne til dato, frå 1957 og vidare (f.dir. mykje er sendt i Statsarkivet). Desse har lister med reguleringar fylkesvis (Austefjorden har fyrst punkt 14, så punkt n i Møre & R)

Alle tema kan etterprøvast med forskning. Lite etter førre generasjon er nedskrive, men noko til kan ein bidra med om det er naudsynt

Om fiskeridir. og/eller Havforskningsinstituttet hadde lese **J-meldingane til fiskeridirektøren 1957 til dags dato burde det vere grunn nok til at dette du no les ikkje var naudsynt å produsere**

Les dette i **digital utgåve så kan du opne digitale lenkjer** (dobbeltklikk el. Ctrl+klikk) i «skriveriet».

Bruk Norgeskart, Sjøkart medan du les

<https://www.norgeskart.no/#!?project=seeiendom&layers=1008,1014&zoom=4&lat=7197864.00&lon=396722.00>

Austefjorden 18.12.2018

Til:

Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum

5804 Bergen

v/region Midt

Sak nr. 18/17946 Austefjorden i Volda kommune, Møre og Romsdal

Overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden 2018

Fiskeridirektoratet vert bedd om å setja forbod mot lysing og ringnot minimum innafor grense Skårneset – Årset og helst lenger ute i fjorden då Kilsfjorden truleg kan ha same problema.

Grunn:

Siste halvåret i 2018 har det vore stor aktivitet for å få tak i silda som har tilhald i inste Austefjorden. Eit ukjent tal tonn har vore ført herifrå av ringnotfartøy. Noko av fangstane vert hevda å vere hestemakrel.

Det vart kasta heilt inn i elveosen til Austefjordvassdraga = Fyrdselva og Sundalselva. Desse er lakseførande vassdrag. Dette innafor grensa for fredningssona for anadrome laksefisk. Dette var til dels då det var ei lang tørkeperiode og elvane var små. Laksen kom inn og venta på meir vatn for å gå opp i elvane. Eit notlag har vore særskild aktive i dette fisket. Det vart då kasta fleire gonger inn med Fyrdskaia og elveosen Fyrdselva – Sundalselva. Det vart i dette tilfellet observert klepping – håving så det vart nok fanga blankfisk.

Fiskeriet foregår innafor ein terskel i fjorden mellom Skorneset og Årset. Flat botn i inste delen med ca. 55 – 60 meter djupne..

Når hausten kom byrja notlaget også å bruke lys for å få fangst. Det har pågått lenge no (pr. 10.12.2018). Folk er forferda då lys er svært skadeleg for botnafisk og ein trudde det var forbode her inne noko det var tidlegare. Det har ikkje vore registrert brukt sidan silda forsvant for 50 -60 år sidan.

Vi kan og nemne at ved minst to høve, seinast 08.12.2018 vart oppdaga daud fin sei i fjøra og sjøen på grunn av notfiskje. Fyrst på nordsida og sist på sørsida av fjorden.

Dette med notfiske etter sild og med lys har vore undersøkt hos miljøvernavingdelinga (Fylkesmannen i M & R) og Fiskeridirektoratet. Berre nøtene er store nok og folk og fartøy er registrerte er dette lovleg. Heilt til elveosen som er i indre del av fjorden.

Det er beklageleg og svært skadeleg at det har vorte lovleg med lysing i inste Austefjorden. Det tidlegare forbodet vart diverre nyleg oppheva.

Eldre folk hugsar tilbake 50 – 60 år og veit korleis det var då silda forsvant. Det var ikkje anna enn noko småfisk i fleire 10-år etterpå. I seinare tid har silda vakna til att og det har vore anna fisk å få, til dømes storsei, også i indre del her.

Side 2.

Dette ser ut til å gjenta seg no. Fiskarane tek til siste sild. Er her ikkje sild, er her ikkje anna fisk. Silda her inne er ei stadbunden stamme som er her heile året.

Lysfisket med overfiske som resultat slik det skjedde 2018 kan ikkje fortsetje.

Vi kan og nemne at Austefjorden slit med avfolking som mange andre plassar. Fiske til matauk og rekreasjon er noko som mange er opptekne av her og kan påvirke i positiv leid mot dette. Men det må helst vere fisk å få.

Vi sender etter ei utgreiding angående historie i fortid og notid korleis diverse fangstmetodar har påverka ressursane i fjorden. Det vert i det høve arbeidd med å få fram tidlegare vedtak frå Fiskeridirektøren.

Når underskriftsrunda er ferdig blir sendt kopi til: Volda kommune, Austefjord grendalag, Austefjord grunneigarlag, Austefjord bondelag, Mørevasdraget elveeigarlag, Fyrde elveeigarlag, Volda jeger- og fiskeforeining og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga

Underskrifter:

Kontaktperson for underskriftsliste er fyrste underskrivar: Ragnar E. Høydalsvik tlf. 958 13 736

(Liste med underskrifter er sendt til Fiskeridir. sak 18/17946, Møre & R fylke, Miljøvernadv sak 2019/178, Volda kommune sak 2019/45)

Kystfiskeri. Ein gjennomgang av informasjon frå [fiskeridir.no](https://www.fiskeridir.no) si heimeside

Informasjon på fiskeridirektoratet si heimeside er gått gjennom med tanke på snurpenot-fiskeriet, om vinteren med no godkjent lys, i Austfjorden 2018, 2019 og 2020 ut januar

Det ein finn er at havfiskeriet har fått stor merksemd siste 50 åra. I storhavet finns dei store fiskemengdene som genererer dei store verdistraumane

Den stadbundne kystfisken og kystfiskeria har fått begrensa merksemd på anna måte enn at **yrkesfiskarane får stadig friare ramer for meir effektiv drift**, fritids- og turistfisket aukar

Seinare års effektivitets-utvikling er at ein brukar stadig djupare snurpenøter. I grunne område med rein botn let ein nota gå på botnen og snurpar langs botnen. **Snurpelina skjær ned** og snurpenota har **same effekt på botnen som ein trål**. Førre gang dette var effektivt praktisert var då havsnurparane trekte inn i fjordane då sildestamma vart nedfiska rundt 1960. (Denne kunnskapen må regulerande mynde ha god kjennskap til)

Haust 2017 vart stort sett lysforbod oppheva, jmf. J-169-2017. I høve til regulering jmf. J-1093/64A, 15 kW pr. lysbåt 1964, har lysmengde mot vassflata auka minimum tre gonger (usikker målemetode og effektiv retningsstyring av lys). Då botnafisken og lokale sildestammer gjennom oppveksten er mat til kvarandre fungerer det slik at alle sortar fisk går på same lyset. Om eit fiskeslag ikkje går mot lys for lyset si skuld fyl det maten. Slik er alle levande individ like. Mat er eit basisbehov

Ein ser i media at det føregår ei regulering i Oslofjorden og delar av Sør-Noreg sin kyst. Då regulering med tanke på kysttorsk. Det er ei viktig regulering. Men ser ein heilskapen, at torsken og resten av botnafisken treng mat? Mat i denne samanheng er hovudsakleg sild. Sild som står langs land heile året. Haustgytande (NHG-sild = Norsk haustgytande sild. Der er då noko av denne langs heile kysten, «kvardagsmaten» til fastståande botnafisk og fugl) sild som tilsynslatande gyt om lag på same tid som som lokal fjellaure på 400 moh, 15. sept. til 15. november i vårt område. I alle område bør vere «småloppar bømme for bømme langs alt land» av lokal, fastståande, sild, brisling, sil og fleire av desse feite fiskeslaga slik det har vore frå «alders tid»

Utan reguleringar på lys- og notbruk vil lokale fastståande fiskestammer vere historie i fjordane etter kort tid. Dei to åra 2018 og 2019 er gode døme på det. At ikkje fiskeridir. trekkjer tilbake løyve til bruk av lys, jmf. J-169-2017, **framstår som ubegripeleg** for dei som ser nedfiskings-reprise frå 1960-åra

Reguleringsmøtet november 2019 i fiskeridirektoratet har ei sak **26/2019** Regulering av fisket etter brisling 2020 <https://www.fiskeridir.no/content/download/26594/380042/version/28/file/Sak-26-2019-brisling-innspill-Norges-Fiskarlag.pdf>. Sjå avsnitt: **Sjikane og hets av kystnært notfiske**. Eit vedtak frå «vaksne, vetuge folk» som har arbeidd for å ta reguleringa **tilbake til 1963-modell** (året før J-1093/64A av 29.01.1964, regulering av lysmengde, her 15 kW glødelampe) med nedfisking av norsk botnafisk i kystområde med mat i form av lokal sild, som resultat

Skrivaren her fekk same «serveringa» ein kveld i januar 2019 på telefonen frå ein tillitsvald i systemet. Vi prata i to timar og vedkomande virka einig i at det var teke noko hardt i og at det vart brukt for «grov bunad»/djup not og lys i grunne område. Så kjem same uttalen i eit årsmøtevedtak frå ein seriøs organisasjon ???

I same vedtak er synt til <file:///C:/Users/Eier/AppData/Local/Temp/rapport-observator-ombord-under-fiske-etter-brisling-og-sild-med-kunstig-lys-2010-2012.pdf> ein rapport om lysfiske 2010 -2012

Med bakgrunn i lokale observasjonar frå fjordane her er rapporten god. **Den fortel at i område som er utfiska for lokal fisk frå før er der lite eller ingen bifangst.** Akkurat slik ein opplevde i dei grunne fjordane her kring 1960. Og så i 2018, 2019 og januar 2020 etter J-169-2017

Rapporten seier ingen ting om: Målbar retningsbestemt brukt lysmengde (lux), terrenget rundt lysbåten (tilbakeslag og lysforsterking frå landformasjonar mellom bakkar og berg). Jmf Utøvelsesforeskriften paragraf 22 der lysmengde pr. lysbåt er 330 000 lumen (lumen som måleining er nesten rein synsing, sjå lenger ned i dette skrivet)

Naudsynte tiltak i Møre og Romsdal (og resten av kysten):

- Stopp lysfiske i grunne og trange område grunna botnafisk og lokale sildestammer
- Stopp snurpenotfiske i grunne og trange område grunna botnafisk, anadrome fiskeartar og lokale sildestammer
- Stopp bruk av snurpenot som med slakk, ståande not i sjøen, kjem nærare botnen enn minimum 40 meter med tanke på botnafisken. Set minimum (forslag 200 m) avstand frå land med tanke på lokale sildestammer
- Kvar snurpenot må registrerast med norsk nummer og spesifikke data. Notnummer fyl nota til den er sletta frå norsk register og ute av bruk. Endringar skal meldast. Ved fangstinnmelding skal registrerast notnummer, minste djupte til botnen, koordinat på startpunkt og startretning for setjing ved kvart kast (også bomkast)
- Respekter fylka sine reguleringar for anadrome fiskeartar. Eller slå saman hav- og innlandsfiske-reguleringar. Slik systema fungerer i dag fungerer ikkje overgangen for fisk sjø til elv i nokon av retningane. Ingen bruk av snurpenot nær registrerte elveosar til gyteelvar
- Innfør påbod på bruk av AIS også på båtar under 15 m. Systema er montert om bord då ein registrerar sporadisk bruk. Her i området skjedde fylgjande. I 2018 brukte båtene AIS medan dei fiska i djup fjord. AIS vart slegen av når båtene gjekk inn i fjordarmene og fiska og slegen på på heimtur, på same plass den vart slegen av tidlegare. 2019 fyrst nytt system. AIS-en syner at båt har vore eit stykke inn i ein fjord og snudd til heimehamna. På same tidslinja er båten i fjordbotnen og tek fisk, innmeld dagen etter. Så vart det heilt slutt på bruka av AIS frå båtene si side. Ein har kontakta forhandlar av AIS-utstyr. Her blir stadfesta at det er enkelt å legge inn ei tenkt historie/reiserute. Dette er ikkje bra med tanke på fiskarane si sikkerheit. Ikkje enkelt å leite etter slike om noko kjem på
- Kontrollen må aukast
- Etter forsking kan ein naturlegvis slakke på regelverket om ein ser betring for «botnafisk», anadrome fiskeartar og lokale sildestammer. Tidlegare kunnskap (1960 – 2017) peikar då på år **2080** (60 år) før ein kan tenkje på bruk av lys att i grunne område, under 120 m djupne, med 1964-lysmengde. Fornufta seier lysforbod i grunne område til evig tid

Kvar er fjordane i Volda kommune (her Austefjorden som referansefjord) i dag med tanke på lokal fisk ?

Austefjorden (og fjordane langs kysten) er i ein ny situasjon der fiskeriforvaltninga opp mot 2017 har endra kurs for bruk av lys ved snurpenotfiske jmf. J-169-2017, notdjupne og auka fridom til bruk av stor not, utan å ta omsyn til historisk informasjon

Det kjem fram **etter** fyrste innsending til fiskeridir. sak 18/17946 18.01.2019 at snurpefiskeria på kysten totalt er gitt er gitt nytt løyve til notbruk (notdjupne og lys) ut over det som vart brukt når havsnurparane gjekk inn i fjordar og grunne område rundt 1960. Den gong 60 famner djupe nøter

For 2019 nøter opp til 90 famner djupne i lovleg bruk på nesten turt land. (Spør fiskeridir. om du ikkje trur det)

Snurpenotfiske 2018 og vidare har skjedd med **for effektiv reiskap** og bruk av denne. (Her meint som fiske med lys og not der snurpelina går på botnen ved snurping eller avdrift i straum ved nes og elveosar. Bruk av sidepropellar i arbeid med nota forsterkar virkninga)

Resultatet i fjordar og elvar er **monaleg mindre tilgang på botnafisk, laks og aure** enn på lenge. Unntak er ferdafisken som no er lovleg å ta med lys, jmf. J-169-2017 og snurpenot (**J-119-2018, erstattar J-95-2018** osv.) som når på botnen dei fleste plassar på indre fjordbasseng. **Ein skil ikkje mellom sortar sild.** Den lokale silda **blir registrert og teken ut på NVG-kvota til fiskebåtane (her meiner ein både den silda som normalt skal stå i små-loppar langs alt land og desse litt større loppene som står på djupare vatn lenger ut i fjorden).** Dette blir kalla «kunnskapsbasert forvaltning» ?? Kvifor ikkje snakke sant ?, **-at ingen i forvaltninga bryr seg**

At nøtene når botnen, eller ved kast går nærare botnen enn 40 – 50 m, tek med «botnafisken der kastet føregår. Går nota på botnen og ein dreg snurpelina på/litt ned i botnen er dette i praksis **tråling/harving** som, så langt skrivar forstår, i lovverket er forbode

Bruk av lys samlar all fisk. I praksis både fisk som går på lys og dei fiskeslaga som ikkje går på lys. Grunnen er at dei ymse fiskeslaga er mat for kvarandre og sym til lyskjelda uansett grunn. Det einaste ein ikkje får med er dette «småtteriet»/plankton som sildesortane et. Mekanisk bearbeiding i not tek vel ut ein del av dette og

For **indre del av fjordane** kan ein velje fritt om ein vil kalle dette lovlege fisket **med for djup not og lys for;** for effektivt fiske, lovbestemt rovfiske eller lovbestemt utrydding av lokale fiskeartar

Lokalavisa Møre 06.04.2019 har fylgjande 50-års-minne 10. april 1969 med overskrift: Lysefiske i Voldsfjorden, sitat:

Volda kommunestyre vedtok tysdag framlegget frå fiskerinemnda om fredningsgrenser når det gjeld lysefiske i fjordane i kommunen. Vedtaket var samrøystes og her er grenselinene: Austefjorden: Innafor ei grenseline frå Skorneset til Årsetstokken. Kilsfjorden: Innafor ei line frå Åshammaren til Goteneset (Bjørneset). Dalsfjorden: Innafor ei line frå Eidsetosen til Jotteneset.

Ola Løset, formann i fiskerinemnda, held ei klår orientering om fredningsspørsmålet. Kommunestyret fekk høyre om silda og silda sin biologi og vandringer, om tilhøva her i fjorden, om korleis rovfisket går ut over fiskebestanden osv. Løset kan dette, og han var denne gongen godt vepna, m.a. med ein tysk bibel og ei stor fiskebok. Sitat slutt

Er det denne saka som kjem til uttrykk J-370-1972 ? **Det er forbode å nytte lys ved notfiske i Møre og Romsdal.** Etter 10 år med påtrykk på fiskeridir. frå kommunar og rasande strandsitjarar som såg toskeskapen

Fiskeridirektoratet sine folk forklarar at sakspapira for denne tida er for lenge sidan levert til Statsarkivet. **J-169-2017** vart til etter ein diskusjon etter påtrykk frå Norges Fiskarlag. **Eit steg tilbake til regulering 1963.** Etter 1963 har fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet tilsett «eit pent antal» menneske for å sjå til at slikt ikkje skjer igjen. Kvar generasjon må gjere feila på nytt, heiter det. Ein vonar det snart er nok **feiling** i denne omgang. **Det er kritisk tilstand i dei grunne fjordane med tilhøyrande gyteelvar**

Lokale fiskestammer er i løpet av åra 2018 og 2019 kraftig redusert eller utrydda. Framtida vil vise om det er mogeleg å bygge artane opp att til eit fornuftig nivå

Kvar bør fjordbotnane i Volda (her Austefjorden som referansefjord) vere som fiskefjord og med fiske i elvane?

Ein bør kome fram til ei fornuftig regulering som tek vare på livet i elvane og fjordane for framtida

Lokalbefolkninga ynskjer seg levande fjordar att og reagerar med meldingar til fiskeridir. og med underskriftskampanje. Ynskjet er: Fiskemessig fjord i balanse med næringsgrunnlaget. Uttak av fisk i høve til «balansen»

Etter vel 60 år med reguleringar var ein byrja å nærme seg ein slags balanse etter førre fadese på 1960-talet. Så er det «på-an-igjen»

Berre dei som no går i barnehage eller folkeskule vil ha sjanse til å oppleve normale tilstandar att. Ein får ynskje dei lukke til. **Då må det handlast no**

Når regulerande styresmakter ynskjer og tillet effektivisering må ein samtidig setje effektive og resursrette ramar for utøving av fiskeriet. **Elles er ikkje forvaltningsansvaret teke i vare**

Ein bør kome fram til ei fornuftig regulering som tek vare på livet i elvane og fjordane for framtida. Det som skjedde ved regulering J-169-2017 og bruk av veksande og for effektive snurpenøter i grunne og trange område, må ein få sjå på som ein beklageleg feil som aldri må få gjenta seg

Frå røynsle med overfiske rundt 1960 veit ein at det, i beste fall, går 15 -20 år før botnafisken er i bra kondisjon/når fastsett minstemål av i dag, i brukeleg omfang att. For dei lokale sildestammene er tidsperspektivet i alle fall 60 år (helst meir. Men det får vi vaksne ikkje vite her i vår tid). Sameleis for anadrome fiskeartar. Slegg få fisk unna på si vandring inn og smolt ut ein smal fjord er framtida for elvane viss. **Kvart individ har berre eitt liv**

Korleis skal ein gjennomføre ei fornuftig regulering ?

Fiskeridirektøren må sende ut ny J-melding, for bruk av lys og ringnot, med ein ordlyd som tek i vare levande fjordar. Døme: For Austefjorden – Kilsfjorden med forbod for bruk av ringnot og lys på ei linje Furneset – Mek for å ivareta interessene for lokal sildestamme, botnafisken og anadrome fiskeartar for elvane i inste del av Voldsfjorden. For resten av fjordarmene, sjå tidlegare J-meldingar

Levande fjordar er nyttige når dei er definert som reine. Fjordane er marknadsførte som; ein plass for yrkesfiske, turistfiske og endåtil ser ein folket langs fjordane nemde som part i saka. Turistane likar å sjå levande fjordar. Levande fjordar gir då gjerne nokre sårt tiltrengde arbeidsplassar

Lysfiske: Totalt forbod mot lysfiske innafor vernesona. Bruk av lys med same lysintensitet som spesifisert i J-1093/64A på mindre djupte enn 120 m og 1000 m frå næraste land synte seg rundt 1960 å ta all botnafisk. Det blir argumentert for nyare typer lys som trekker til seg spesifiserte fiskeslag. Problemstillinga her er den at dei fleste fiskartar er mat for andre fiskeartar. **Den svoltne fyl maten.** Då er ein like langt. Dei ymse fiskeslaga går til lyskjelda, med kvar sin grunn

Snurpenotfiske må få ny regulering, frå botnen og opp. Ingen bruk av snurpenot der det er 40 - 50 m til botnen frå nedre kant av laust ståande not i sjøen (notdjupte). I fjordar med lokale sildestammer og vandrane anadrome fiskearter må snurpenot ha spesifisert avstand frå land (forslag 200 meter). **Grunne område og terskel-fjordar må ha total-forbod mot lys og dagens lovlege snurpenot**

Ta eit steg tilbake (gjernge fyrst for Møre og Romsdal) og innfør forbod mot bruk av lys. Ta med ringnotreguleringar for grunne område etter den tidlegare lista i J 135/85 for lys

Ein forstår at yrkesfiskarane skal leve i sitt yrke, men det er ikkje naudsynt å gjenta tidlegare (godt kjende jmf. J-169-2017 og tidlegare) feil av den grunn

Oppheving av lysforbod i Møre & Romsdal må ein få sjå på som ei beklageleg feil som aldri må få gjenta seg. Ein kallar normalt slikt «å sage av den greina ein sit på»

Kortversjon om snurpenotfiske i Austefjorden og Dalsfjorden sommar og haust 2018 og 2019

Snurpenotlag har brukt fjorden til fiske etter hestemakrel, makrel, sei og sild, så langt ein får vite

Mot haust 2018 var i Austefjorden ei turkeperiode samtidig med at Tussa sleppte lite vatn i Mørevasdraget/Fyrdselva grunna damfylling. Sideelvane som munnar ut i Møre-vassdraget, og dermed Pøyten er såkalla «skolvasselvar», elvar som går fort opp og dett fort ned att ved nedbør

Laks og aure samlar seg, som normalt, ved elveosen og ventar på vatn for å gå fram. Elvane den vil fram i Fyrdselva/nedre del av Mørevasdraget med ca. 4 km gyteelv, til Kolfossen Kraftverk, og Sundalselva, ca. 1 km gyteelv, til Sundal kraftverk. Laks og aure brukar ved slike høve å gå i store og små sirklar i fjorden. Til osen på Skinvikelva (som ikkje er rekna som gyteelv), så fyl den landet om Djuvika og Holsvika og går til Pøyten for å finne ut om det no, endeleg, er tid for å «gå opp». Nei vel, ut på ny runde

I Høydalen er Høydalselva med ca. 1 km. med gyteelv, litt djupare påløp, men liknande faktar frå fisken si side

Midt i august vart det kasta mange kast for Storenova, området for elveosen mellom Fyrdskaia og Holsvikholmen. Det vart slutt på vadinga (at fisken hoppar og sprett). Det vart observert klepping/håving av blankfisk, men folk kvir seg for å snakke når dei ser slikt. Det er registrert lite/ingenting av gytefisk i elvane

Der er tillate dorging i området, vistnok ein sluk pr. båt frå ei linje mellom Kineset/Kjeneset og Trosvikneset og austover. Sjå sak; Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2019/178

Der blir fortalt at der hadde vore politi og åtvara slukfiskarar på Fyrdskaia og innover mot elveosen mot brotsverket dei gjer ved bruk av kastesluk for elvemunninga. Det er og fortalt at nett då seig ein snurpar fram med kaia og kasta, og reiste med det som var av fisk, også blankfisken. (Utøvelsesforskriften er å tolke slik at fartøyet skal gå ringen ved setjing til styrbord/høgre)

Det er mogeleg tidsaspektet har krympa litt, men politiet fortalde til dei som melde frå om notfiskinga at dette var heilt lovleg (med unntak av blankfisken som ingen har lyst til å dokumentere)

Så noko seinare, når haustmørkret kom, vart det brukt lys for å samle fisk. Etter truleg 55 år med lysforbod (lysforbodet har unntak for brisling. Det har ikkje vore brisling nord om Statt siste 50 åra. Derfor trudde mange at lysforbodet var fullstendig) ligg her på nytt ein snurpar med lysbåt og lyser etter fisk. No for botnafisken og smolt på utgåande også. Alt levande med spord sym mot lyset. Frå tidlegare veit vi at her er for lite djupte til lovleg lysbruk der ein berre tek spesifikk fisk, til dømes berre sild

I alt slikt fiskeri er det bifangst som skal rapporterast. Det har vore ein del gratis fisk i fjøra. Om slikt er rot ved bruk av not, eller utkast etterpå, må det vere fiskarane som kan svare på. Daud og halvdaud fisk langs land kan ikkje kallast anna enn bifangst. Fiskeridir. opplyser at det er rapportert lite bifangst i området, jmf.: <file:///C:/Users/Eier/AppData/Local/Temp/rapport-observator-ombord-under-fiske-etter-brisling-og-sild-med-kunstig-lys-2010-2012.pdf>

som fortel at der det er utfiska med lys frå før går det lenge før neste bifangstrapport

2019 og no i overgangen 2020 er fisket på ferdafisk med lys og djup not aukande. Ingen rapport om bifangst, **heilt etter oppskrifta anno 1963 og Havfordkingsinstituttet sin bifangstrapport**

Januar 2020. Eit kast vart tydelegvis for stort. Når båten var passeleg lasta tok ei nota av sjøen og ein god del daud hestemakrel flaut utover. Hendelsen er registrert og meld til fiskeridir. Ein får ein flaum av ord, utan handling, til svar. «Det er ingen som bryr seg», det er for smått

Reaksjonar etter fiske med snurpenot og lys 2018 og 2019

Folket ser på fiskeriet og byrjar stille spørsmål ved framgangsmåten og bruk av avstand til land, elveosar og grunne vikar. Ein spør etter kva regelverket seier

Siste lokale landnota vart tvinga ut av bruk for nokre år sidan grunna modernisert regelverk og den nye måten å gjere det på ser spøkje ut for laks, aure og lokale fiskestammer. For 2019 og starten på 2020. Det er grundig utfiska for lokal fisk. Ferdafisk er her periodevis

Om der er 1000 smolt og nokre laksar pr. kast, korleis ser dette ut i bifangst-samanheng ? Det utgjer ikkje promille ein gong, men har stor framtidig innverknad på livet i elvane

Dei som er i 70-års-alder, og eldre, (2018) hugsar framleis lysfiske rett etter 1960 som drap ned all botnafisk slik at her var tomt for matfisk i minst 10 -15 år, om ein reknar matfisk som dagens minstemål. I tillegg fekk fisken i elvane, der laks og aure går inn og smolt ut, ein kraftig reduksjon

Fiskeridir. kjenner godt til **innskrenkingar på fiske for laks og aure i sjøen** som er innført siste 50 -60 åra. Med grunn i overfiske er landnot, kilenot og laksegarn lite/ikkje i bruk. No er det stor snurpenot med lite/ingen kontroll av fangst som pågår. **Kontrollen er teoretisk etter innmeld bifangst.** Forstå det den som kan.

Tid, **kor lang tid før brukbar botnafisk**, er der fleire svar på. Førre generasjon (f. 1900 – 1930) sa: «Det gjekk 7 år før dei kunne sleikje ta fingrane skikkeleg att på lokal botnafisk». Då var bleika/hvitting berre 15 cm lang. Då er det framleis nokre år att til mange fisk når dagens minstemål (2020)

Av hardhent fiskeri er det nokre hendingar som skil seg ut i munttlege overleveringar

Tidspunkta kan truleg dokumenterast frå krigs- og fiskeri-historie:

Ein gong mellom 1940 og 1945, under andre verdskrigen, jakta engelske fly på kystfraktebåtar som prøvde å gøyme seg i Austefjorden. Ei tante av skrivaren, som var på tur til Skinviksetra frå Djuvika, fortalde på sine eldre dagar at flya byrja å skyte lenge før dei hadde retning på båt «so det berre kvisja i lyngen» rundt henne då flya kom stupande frå vest langs Måsegga og Storefossen i Skinvikelva. Dei flaug så lavt over Rabben at ho såg ned i flyet til flygaren. Flya gjekk i 8-tal over fjorden før dei returnerte vestover. Båtane fekk dei has på ved Eltrane i Breisundet ved «Ytre Suløen» nokre dagar seinare.

Det gjekk utruleg nok ikkje liv på folk denne dagen. Etterpå var deler av fjorden kvit av sprengd fisk er det fortalt. Denne hendinga kan ikkje ligge Fiskeridirektøren til last, men botnafisken hadde ikkje godt av det. Folket plukka mykje fisk til fersk mat og salting. Hovudet på folket som rodde ut «gjekk som på ein katt som har fått mat ute og er redd for å dele med skjora». Dei var naturleg nok redde for nye åtak. Dei visste godt den gongen og at eit liv kan normalt ikkje takast meir enn ein gong pr. individ

Så kjem vi til åra rundt 1960. Sildestamma fall saman i storhavet/Nordsjøen. Dei store snurparane, med djupe nøter (då 60 famner), fylgde restane av sild, brisling og mussa inn i fjordane. Her fylgde lokal sildestamme og botnafisken med i not-kasta i og med at nøtene nådde botn før snurping på inste fjorden. Til slutt vart lysmengda på lysbåtane auka (men regulert ned att J-1093/64A då Fiskeridir. oppfatta at no gjekk det «spikande gale» med botnafisken). Restfisken gjekk på lyset. Ei hending i Austefjorden, der ein ikkje har årstalet klart enno, festa seg som eit minne. Her vart ingen bifangst å melde om på mange år

Historia om denne spesielle fangsten talar for seg sjølv: Liten mussa, under minstemålet, hadde vore i fjorden heile sommaren. Den sekkte seg om dagen og var oppe ei stund på natta. På kaste-tidspunktet var det haust og sjøisen byrja å legge seg om natta. Mussa var framleis liten og notlaget såg si innkome fordufte i det blå

Så vart det prøvd då, med lys, all fisk gjekk på lyset. Lasta skulle leverast i Fosnavågen til såkalla konsum. Kjøpar ville ikkje ta imot grunna liten størrelse og stor bifangst. Truleg enda lasta på ein av sildoljefabrikkane. Kanskje vart den dumpa grunna blaut botnafisk

Geitvik-hølen, djupaste punktet, er 108 meter djup. Til Follabugen er om lag 1 km frå der lysbåten låg. Skal ein ta lærdom av såkalla empiriske data (fakta etter prøve- og feile-metoda) må slike hendelsar vere god informasjon

På djupaste hola i Geitvik-hølen fekk karane «sorten med botnafisk» etterpå. På Follabugen fanst ikkje etande fisk på lenge.

Jamfør J-1093/64A. Empiriske data: **Lysmengd 1964-varianten 15 kW glødelampe med salt-tærte aluminiumsskjermer dreg til seg all fisk frå 100 meter djupte og 1000 meter i kvar retning frå senteret/lys båten**

Finale på lokal sild. Her ein av dei lokale, aldrande informantane, med god nok kunnskap om emnet: Sverre B. Bjørke (Post-Sverre 1932 - 2019), postadresse Bjørke. Sverre var maskinseljær for Møre Felleskjøp mykje av sitt vaksne liv. Heime hadde han landnot saman med ein sambygding/granne. Dermed kunne han Sunnmøre på landbruks- og anleggsmaskiner, **og notbruk**. Kort fortalt var informasjonen hans om lag slik om noko etter 1960 då den store utfiskinga var unnagjort. Spesialistar på å ta restane av den lokale silda, med trening frå kysten «synnja i Statt» dukka opp. Denne forteljinga er frå Bjørke og utover Hjørungfjorden, men fjordane vart reinska ein for ein på same måten. Sverre:

Vi hadde ekkolodd. Når vi gjekk langs fjøra såg vi litt sild heile tida. Nokre sildar her og ei bømme eller to der. Denne fastståande silda tok vi ikkje. Langs fjordane var den rekna som kvardagsmaten til fastståande fisk. Slik har det vore sidan alders tid og slik skulle det og vere for framtida

Strandsitjarane fylgde med. Var det tvil om notakarane oppførte seg rett i høve til den lokale silda vart det kontant påtala. Den lokale silda skulle ikkje omtalast, den skulle vere så hemmeleg som råd av den grunn at den var mat for andre lokale fiskestammer. No hadde ein fått ekkolodd.

Hemmeleg hald virka ikkje lenger, så no måtte ein byrja å informere i staden. Slike overgangar sit langt inne. No 50 – 60 år etter fyrste, kjende nedfiskinga, er informasjonen like liten om dei lokale sildestammene

Så kom samanbrotet i sildebestanden. Havsnurparane med djupe nøter og lysbåtar gjekk inn på jakt etter ferdafisk. Det såg ut som ein godt opplyst by ut gjennom heile Hjørungfjorden (på same måte som i Austejorden, Fylsvika, Dalsfjorden, Ørsta fjorden... «i det hele tatt»... Dei fekk naturlegvis ein god del ferdasild dei var på jakt etter, og så for tyngda av den lokale silda, og mykje av botnafisken i lag med, «man kan ikke se den grense under vann...», her er det mest som mest vinn. Grunnaste delane av fjorden var tom. Ein måtte ut på meir enn 100 m djupne for å få fisk som ikkje var ferdafisk. Det var fyrste runde. Folket rundt fjordane var rasande, noko som gav seg utslag i seinare reguleringar (sjå J-meldingar)

Andre runde kom eit par stille år etter den store utfiskinga. Det var ein «søring», eit fellesnamn på båtar/notlag med registrering frå sør om Statt. Notlaga hadde tydelegvis god trening i denne plukkfangsten av småslumpar etter å ha tømt Sogn og Fjordane og lenger sør på same måten. Vi forstod ikkje lønsemda i dette. Vi var også strandsitjarar og av same oppfatning som resten av fjordafolket. Tek ein ut denne silda har botnafisken liten sjanse til å leve. **Etter alle åra etterpå veit vi at tankane våre stemde. Det er tidkrevjande å bygge opp att bestandar etter rovfiske**

Søringane sette fyrst ut ein pose/merd som dei flytta med langs land medan dei gjekk systematisk fram. Så byrja dei å ta bøtte for bøtte langs land med så lite not som råd. Sleppte notenden litt bort på sjøen, gjekk så med god fart heilt fram i tangen eller berget for å få nota inn om sildeslumpen. Så bruk av lys når hausten kom. Folket var spesialistar. Som fiskarar vart det gjort godt og grundig arbeid. Men du snakkar om å sage av den greina ein sit på

Ja, og så veit du like godt som eg at det vart mellom 50 og 60 år før her var fiskande lokal sild att

Så langt siste informasjon om den lokale silda frå den tilsynelatande friske, oppegåande, kunnskapsrike og veltalande Sverre. To veker etter var han borte, vi er heldige som fekk ta del i hans kunnskap før det var for seint

Treng omgrepet «strandsitjar» ei forklaring: Folk som bur i hus nær sjøen og hadde tilgang til til naust og båt

Kva toler fjordane (her Austefjorden, indre del som referanse), av fiskje utan at lokale bestandar bryt saman ?

Frå lokale notatar, reguleringar og røynsle med fjordfiske fungerer det om lag slik:

- Snøre- og stangfiske er greit (med unntak av effektive ekkolodd/sensor der ein ser kvar einskild fisk)
- Harpunfiske på stor mor-fisk hemmar gyting og tilvekst
- Line er brukt i noko omfang. (Reguler antal anglar pr. line om behov)
- Noko garnfiske tolest, men ikkje lange lenkjer over tid
- Landnot på gamle kaste plassar med nøter mindre enn 20 (fleire seier djupaste not 16 m) meters djupne er brukt i mange hundre år
- Små snurpenøter (for dei fleste tilfelle sett haneføter og ringar under dei grunne landnøtene) har fungert når omfanget er lite nok
- Kystnotlaga sine 40 meter djupe nøter var brukt 1945 – 1970. Lokale fiskarar diskuterte om desse var for effektive og brukte dei i begrensa omfang heime
- Store snurpenøter tek all fisk heilt til botnen og drep alt liv i kastområdet grunna snurpelinetrekk på botnen/harving. Frå rundt 1960 veit ein at botnafisken berga seg for not

heilt til havsnurperane med sine 60 famner djupe nøter gjekk inn i fjordane og i grove trekk tok ut restane

- Bruk av lysbåt samlar også botnafisken. Eitt einaste vellukka kast, så er der ingen bifangst meir på mange år. **Å skilje mellom lokal (NHG-sild = norsk haustgytande sild) og vandrande sild (NVG-sild) er det ingen som teke ansvar for til no. Det hastar**
- Lysfiske på mindre djup enn 100 m (Hølen for Geitvika i Austefjorden er 108 m djup) og godt av land (1000 m) samlar all fisk utan omsyn til sort og størrelse). Ref.: J-1093/64A
- Kor mykje lokal sild er att etter «siste runda» der den blir **fiska og registrert som NVG-sild** ? Ingen veit. Heller ikkje Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet. Det er berre slik ein har ordna seg

Austefjorden (og andre fjordbotnar, gjerne terskelfjordar) si evne til å vere rein. Empirisk forskning frå ei anna tid

Generasjonen fødd 1900 – 1930 sende i nokre få høve sin og tidlegare generasjonar sin empiriske forskning vidare til neste generasjon, sjølv om tradisjonen var at dei snakka lite. Skrivaren her f. 1951, fekk si kortfatta opplæring av sin far f. 1920, eit av åra rundt 1965. Vi tok eit kast makrel ein skym haustkveld litt inn om Kineset og sette fisken i ein pose/merd. Ein uheldig plass å stengje på, sa far. Vi steina (vanleg med sekkjestein i lykkjer under pose-botnen) posen dugeleg i botnen og for heim. Dagen etter såg vi til stenget, posen var snudd ut inn, ingen makrel i posen meir

«Og her ser du grunnen», sa far, snudde seg og peika bort i sjøen. Der var fullt av markørar som reiste forbi i stor fart. «At du greier å sjå straumen så godt er kammarenfrå finaste revene i kommuna» (der for lort og bitar frå aviser og vekeblad inn på fjorden i stor fart. Det var berre i Volda det var stort kloakkutslepp frå rør (ureinsa) og framleis ein del utedo på kaiene. Bygdene hadde lite slike markørar då det var utedo i alle tun). «Straumen svingar venstre (nordover) her og innhaldet den transporterar legg seg fint utover fjordbotnen. Skorneset – Årset har ein grunn terskel, austanfor er det djupare. Ting som sekk til botnen på denne djupe, indre delen, blir verande

Månen og tidevatnet styrer kva tid denne straumen oppstår. Retning Austefjorden reknar vi at havstraumane dreg i gang straumen på djupaste delen av Voldsfjorden, mellom Egset og Voldshammaren. Straumen tek med seg ting som er laust i sjøen og på botnen innover og kursar på Furneset. For Høydalsneset kjem den opp midtjfjords. Den ser ut som ei skumstripe, stripa er synleg til noko ut om Leisshammaren (i lokalavisa «Møre» har det av og til vore diskutert om stripa er ureining. Framleis er der folk som kan fortelje at slik har naturen arbeidd frå alders tid). Så går straumen ned til botnen over Rivet (mellom Skorneset og Årset) og kjem opp att ved Kineset. Vidare går den langs land eit stykke og svingar så venstre bort på djupna. Soleis får innte fjorden tilført ting som aldri burde kome hit inn»

Kva har så halde denne overgjødslinga i sjakk gjennom hundreåra ? Same kjelde fortel vidare: «Finstoff og rusk frå flaum i elvane har frå alders tid dekt til botnen på ein slik måte at den heldt seg rein og at botnvekstar og botnafisk greier seg. Her må vi hugse Rivet (terskelen), lite elveslam reiser vest om den

Til døme hadde Geitvika skadefonn som gjekk over fjorden på fjordisen til Kineset (1755 og 1757). Slik oppfører den seg ikkje utan vassinnblanding (demlefonn/vassmetta snø). Truleg då Austefjordkyrkja vart bygd 1879 vart det fylt ut i Fyrdselva noko og elva tok nytt far rett fram og tok med mykje finmasse ved Vollane. I 1917 var Kopa kraftverk utbygd med magasin i Kalvass-vatnet. No vart flaumane i Fyrdselva dempa. Frå rundt 1930 og til no (1965) har det vore vaska ut finstoff frå

sand frå fleire sandtak. I lag med flaum i resten av elvane har det halde fjordbotnen rein/dekt til for overgjødsling/ureining. I 1958 gjekk Skinvikelva som demlefonn (vassmetta snø) med mykje finmasse frå høgt oppe. I tida rundt 1960 vart Storevatnet seinka, då kom der ut ein god del finstoff»

Historia er sjekka ut med andre fiskeinteresserte fiskar-fedre frå same tid. Ingen av desse lever lenger. Overføringa av kunnskap er relativt lik. Havet og Voldsfjorden «pumpar» innhald frå djupe botnen inn i dei grunne fjordbotnane. Her på same måte som i mange andre lange fjordar på kysten

Sunnmørskartet og straumane som gjekk på fjordane høyrde med til denne generasjonen av lokale notfiskarar sin lokalkunnskap

Tida går vidare. Geitvikelva blir overført til Ørstavassdraget (år ?). Det er bygd fleire kraftverk som aukar temperaturen på elvevatnet litt så ferskvatnet går meir lagdelt på toppen av saltvatnet. Berre ei av dei store «skolvasselvane» som hentar masse frå høgda (opp til 1000 moh) er att. Det store havet arbeider som før

Tenk om moderne kunnskapsmiljø kunne forske på desse fenomena som tidlegare generasjonar meinte å kunne i detalj, men som er på full fart mot gløymeboka

Eit døme på korleis historisk kunnskap om fjordstraumane blir nedprioritert er i Ålesundsområdet der Sula og Ålesund kommuner planlegg renseanlegg på Kvasneset vest om utløpet på Flisfjorden

Skrivaren arbeidde i Ålesund som reparatør for landbruks- og anleggsmaskiner frå 1970 og utover nokre år. Verkstaden hadde ytreveggen til Skansekaia. Der var lavt under taket, så verkstaden var og på kaia med norvesten rett på. Det vart naturleg å snakke med kundar (og sjåførar på varerutene som stod i kø for mjølhenting) om ver og vind, og havstraumane

«Gamlekarane» sa at «havet dreg» og «havet styrer heilt inn i inste fjordbotnen». Då meiner dei fyrst den tunge pulserande «draget» langs botnen. Så meinte dei havstyrte straumar som sende innhald frå Ålesundet, frå den gong det vart kalla «Lortå» (då fylgde ein berre med på markørane), inn i fjørsteinane til dømes i Tafjorden og på Bjørke

Straumane går enno. Gå ned på fergekaia på Fe-stø/Festøy og sjå i sjøen. Når månen er i rett lag, og kikar skeivt på deg frå himmelromet, renn havstraumen som den kraftigaste elv her. Denne treff elvevatnet og gir straumsgjø på rivet mellom Kalnes og Finnes ut for Bjørke. «Alle får, Sara fekk når ho var 90 år». Sa gamlekarane

Plassering av dette kommunale renseanlegget på Kvasneset ville gamlekarane ledd rått av med tanke på transport av restutslippa sitt innhald. Det syner ingen omtanke for Hjørungfjorden og begge Storfjordane (den på Bjørke, og den største som endar i Geianger)

Denne tekniske installasjonen må nærare storhavet så straumane får arbeide rette vegen, «ut og vest i Karihavet». Fjordbotnane har meir enn nok å kjempe med

Notbruk frå alders tid

Ein har notat og deler av not-rekneskap tilbake til 1836. Då vart gamle Østefjordens notlag delt. Med auka folketal vart det mange notlag

Jamn **not-drift til ca. 1980**. Så datt dei lokale aktørane ut dersom dei ikkje dokumenterte nok inntekt kvart år for å få stå på rett blad som yrkesfiskarar. **Ferdafisk går ikkje årvisst på kvar fjord**, det syner historia. Heilt slutt på lokalt notfiske for nokre få år sidan

Fram til 1961 eller -62 har fjordfisken fungert som ein «oppegåande størrelse». Brukt reiskap var ikkje effektiv nok til utsletting. Hovedårsaka var nok at **fisken var ynskt, til heimefiske**

Med **effektiv** her inne snakkar ein om djupte på not og bruk av lys. Landnøter var 10 - 15 m djupe. Lokale, små snurpenøter max. 20 m

Dei «store», lokale, notlaga som dreiv med snurpenot hadde notdjupne opp til 40 m. Dei hadde interne diskusjonar om på kva djupte dei kunne tillate seg å bruke på, truleg utan å bli einige. Dei fleste nøtene var kjøpt brukte. Kyst-snurpene hadde denne størrelsen

Konklusjonen kom av seg sjølv då slidestamma fall saman og «storingane»/havnøtene på 60 famner/110 m djupne kom i fjordane. Fisket var fritt. **Knapt ein lokal spord var att**

Den lokale, haustgytande, sildestamma er mat for lokal fisk og brukte 50 - 60 år på å kome seg i sving att og har vore brukbar nokre få år (2018). Er ein heldige kan den ta seg oppatt ein gong til. Dei som lever i 2080 får svaret, om dei veit om forhistoria

1960 og utover vart dei gamle notlaga i Austefjorden avvikla med grunn i at silda vart borte (uforstand hos fiskarar og forvaltning er ikkje noko nytt. Tenk berre på kvalen, som **kval-fangst-reiar** Hans Nørve i eit notat, truleg frå rundt 1915, **kalla «myrderier»**). Men eitt og anna notlag i området satsa sterkt og. **Fyrste satsinga var meir lys**

Eitt effektivt lyskast på inste Austefjorden. Eit hav av lys ei stund utover kvelden. Så sette notlaget rundt lysbåten og byrja å snurpe. Påfylgjande var **ei rar hending** for dei som såg på, ei eingongshending

Frå nausta frå Holsvika til Årset kom der roande ein færing med ein og to mann i. Dei rodde stilt inn til nota og «la seg på korken» (altså la seg inn til nota og tok seg fast). Der var ei slags klam stemning rundt fjorden

Her kjem **forstand og uforstand** inn. Desse røynde fjordfiskarane forstod situasjonen likt utan å veksle eitt einaste ord. No fer botnafisken. Dei ville berre vite. Her sit dei då, i fleire timar, til siste «sporen» er i lasteromet. «Endåtil flondrå ta Folljabojen for» sa dei oppgitt i diskusjonar seinare. Neste gong dei såg brukande lokal «kokefisk» var sju år seinare. I dag med minstemål på fisk hadde det gått 10 -15 år før dei «fekk sleikje seg ront monnji» (som dei sa om lokal, fersk kveldsfisk). Om du skulle bruke garn, og rekne med å få fisk, måtte du «ut om Skorneset»

Fram til sildestamma fall saman hadde snurparane også lysbåtar, men lysmengda var truleg relativt lita. Kanskje fiskarane hadde nok kunnskap og vit til å styre lysmengda ? Fiskarane tenkte kanskje at: «Du treng mat i morgon og»

Så: **Eitt einaste «kast» med skikkeleg lysbåt**. På kast to, tre, fire..... kan ein ikkje bevisse at lyset trekker til seg botnafisken, der er **ikkje påviselege mengder «botnafisk» på mange år**

Langs fjordane vart opprør, sjå 50-årsminne i avisa «Møre» 06.04.2019 frå same avis 10.04.1969 som syner lysforbod forankra i kommunale vedtak. Tenk over at tyngda av vaksne menn på kysten hadde stor kunnskap om notfiske fram til denne tid. Så nesten fullt lysforbod til haust 2017, ref.: J-169-2017. Då har den godeste «noen», med mangelfull kunnskap, sett eit strek over lysforbodet. Og **historia gjentek seg**

J-meldingar for Møre og Romsdal 1957 – 2018, funne til no 13.01.2019

Denne lista må vere lenger, det får kome om ein finn behov

J 1093/64A av 29.1.64. mengde lys pr. lysbåt til 15 kW . Seinare reguleringar synte at dette ikkje var nok. Forbod var det einaste som virka, jmf. J-meldingar, Møre og Romsdal 1964 t.o.m. J-169-2017. Her er og Hjørungfjorden og Kilsfjorden med. Hjørungfjorden har ei strengare regulering med omsyn til djupte enn indre Voldsfjorden/Austefjorden. **Kva slags filosofi Fiskeridir. la til grunn når grenser vart sette er det god grunn til å spørje om**

J ?? (utover frå ca. 1962 var det sagt at inste Austefjorden hadde lysforbod. Ikkje funne som J-melding, men ingen hugsar det vart brukt lysbåt i tidsromet fram til J 370 frå 1973). Kan det vere «manns minne» som er for kort ?

J-884/64, leitar etter denne, eller ei anna. Systema har vore i endring nokre gonger

J 370 frå 73. Det er forbode å nytte lys ved notfiske i M & R fylke. Unntak for brislingfiske to – tre plassar. Virkar til å vere avskrift av tidlegare melding, kanskje J-884/64, som ein ikkje finn. Der er ei J-884/64A. A er truleg ei tilleggsmelding der på Sunnmøre er nemde Vanylvsfjorden, Hjørundfjorden og Syvdefjorden

J 135/85 Det er forbode å nytte lys ved notfiske i M & R fylke. Unntak for brisling

J-154-89 Forbod mot bruk av lys ved notfiske med unntak av notfiske etter brisling

J- 191-1989 Forbod mot bruk av lys ved notfiske med unntak av notfiske etter brisling

J-44-1998 Forbod mot bruk av lys ved notfiske med unntak av notfiske etter brisling

J-169-2017 Oppheving av lysforbod i Møre og R frå 27.09.2017, med eit lite unntak frå 01.02 – 31.03. 2018, tydelegvis etter lobbyverksemd frå lokale fiskarlag opp mot Fiskeridirektøren og Fylkesmannen i M & R

Fritt fiske for yrkesfiskarar. Med overfiske, i alle fall i Austefjorden, som resultat. **Ei villa miljøkatastrofe under havflata då kunnskapen om lysfiske ligg i Møre og Romsdal sine J-meldingar frå tidlegare. I eit slikt vedtak burde ein minimum ha starta med J 135/85 med tillegg for kunnskap om bruk av meir effektiv not etter 1960. Ein er tilbake på reguleringsmodell anno 1963**

Tidlegare lysforbod oppheva, nesten utan atterhald. Slikt blir marknadsført som kunnskapsbasert forvaltning. Utruleg

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga: Reguleringar for anadrome fiskeartar høyrer heime her. **Sak 2019/178** der kjerneinformasjonen ser slik ut (kopiert inn her):

Viser til innspill med ønske om endringer i regelverk for yrkesfiske bla. Dalsfjord og Austefjord.

Fylkesmannen vil sende på høring forslag til endringer i «forskrift om fiske etter anadrome laksefisk, fredning ved utløp av vassdrag, i sund og straumar, Møre og Romsdal» i løpet av kommende år.

Dagens forskrift: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1994-05-31-619?q=elvemunng> romsdal

Tilstanden til sjørretbestandene i fylket er en av årsakene til at vi ser på dette.

<https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2629316>

Senest i 2017 ble forskriften skjerpet inn når det gjaldt fritidsfiske.

*Dere ønsker også **endringer lengre ut i fjordene enn munningsfredningssonene**. Her mener vi **Fiskeridirektoratet er riktig instans** til å vurdere endringer i sine regelverk.*

Fiskeridir. overser reguleringar for anadrome fiskearter og gir løyve til bruk av snurpenot og lys i fjordane heilt inn i elveosane. J-meldingane kjem berre, utan høyringsrunde til fylke eller kommunar

[Ei vurdering av lysmengde pr. lysbåt 1957 - 2018](#)

J-1093/64A regulerar lysmengd pr. lysbåt til max. 15 kW etter at lysmengd har auka kraftig siste åra

J-119-2018, Utøvelsesforeskriften paragraf 22 Bruk av lys i notfisket, har oppgitt maksimal lysmengde 330 000 lumen pr. lysbåt

Avstanden mellom J-1093/64A og J-119-2018 fortel ei historie om kunnskap som vart borte på vegen. Medan 1964-versjonen er sett etter empirisk (etter praktiske røynsler/erfaring) forskning er 2018-versjonen «tenk på eitt tal»-versjonen. Forsiktig synse-kalkyle, dobbelt til tre ganger så stor total lysmengd. Versjonar etter 1964 får meir og meir retningsstyrt lys. Ved LED-lampar er retningsstyringa så konsentrert at ein «brenn sjøen»

Den brukte verdien, lumen, fortel at kunnskap om lys må det vere god grunn til å forske på i Fiskeridir. Oppgitt størrelse i lumen kan stort sett brukast til villeiing, ikkje til vegleiing
Utøvelsesforeskriften har **tabellar for lysbruk utan** å ta **omsyn til** innhaldet med tanke på **retningsretta lysmengde**

Candela, lumen og lux har det ved seg at

Candela tek utgangspunkt i eit nærare spesifisert talglys og er dermed relativt lite presist

Lumen måler total lysmengd (rundtlysande frå fri lyskilde), men er upresist for retningsbestemt lys

Lux er lysmengd mot ei flate i **spesifisert avstand frå lyskilde**, også kalla lysintensitet. Då måler ein og retningsbestemt lys slik lyskildene er innretta på ein lysbåt

Her finns tydelegvis og mellomting mellom lumen og lux, «fixture lumens» og «luminens», utan at skrivar har teke arbeidet med å «lukte lunta»

For å legge inn «vet og forstand» bør lysspesifikasjonen bytast frå lumen til lux (eller andre spesifikke verdiar) ved hjelp av uavhengige fagfolk (om slike finns) på området. Maximal lysintensitet må justerast til under halvparten av dagens verdi til bruk på kysten, mest truleg til rundt ein tre-del. Om ein skal legge empiriske verdiar frå 1964, jmf. J-1093/64A, til grunn var den lysmengda og for stor til bruk i grunne (under 100 m) og smale fjordar/sund (under 2000 m, altså 1000 m ut frå lyskilde)

Samanlikningsgrunnlaget til skrivar er at brukte glødelampar har lysmengd 11 lumen/watt. Det ein finn i opplysingar er 11 – 15 lumen/watt. Legg ein seg i nedre grense er dette forsiktig synsing. Talverdien 330 000 lumen er kanskje grei når botnen er langt unna og fjella er under horisonten. I grunne og trange fjordar og sund **med returlys frå land er verdien drepende for lokale fiskestammer**

Skrivaren har, ut frå yrkesmessig røynsle/erfaring, samanlikna fiskeridirektoratet sine endringar med ekstralys på køyretøy og arbeidslys i anleggsbransjen (lys for hjul- og beltegåande maskiner og lys i arbeidsområde inne og ute). Vurderingar av mengde, styrke og farge på lys er framleis rekna som eit krevjande kunnskapsområde. Då bør ein gå varsamt fram, ikkje som for J-169-2017 der ein berre har sett bort frå problemstillinga, lys, og sett strek over tidlegare reguleringar

Ein kan gjerne hente fram spesialkompetanse, men..

Her er nokre lenkjer som prøvar å forklare:

Teknisk Ukeblad 2015 med kommentarar, opplysende <https://www.tu.no/artikler/dette-er-forskjellen-pa-lumen-lux-og-candela/275787>

Glamox, seriøs produsent <https://glamox.com/no/led-og-energieffektivitet>

Godkjende fjærnllys for bil. Ei god samanlikning <https://www.norgesled.no/products/lazer-led-st-8>

Konverteringstabell frå glødelampe, **rimeleg upresist**, men 11 – 15 lumen pr. watt
<https://www.webforumet.no/nytte/watt-til-lumen-konverteringomregningstabell/>

Lumen til Watt-kalkulator. Engelsk <https://www.rapidtables.com/calc/light/how-lumen-to-watt.html>

Vi er i ein situasjon der **fiskeriforvaltninga, i 2017 – 2018, har endra kurs utan å sjå bakover på kjende størrelsar i fortida**

J-meldingar frå www.fiskeridir.no funne om reguleringar i Austefjorden
Regulering J-169-2017 av 27.09.2017, gjeldande når denne vurderinga er skriven

<https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Regelverk-og-reguleringer/J-meldinger/Gjeldende-J-meldinger/J-169-2017>

Regulering J-44-1989 av 18.03.1998 <http://hdl.handle.net/11250/127351>

Regulering J-191-89 av 08.11.1989 <http://hdl.handle.net/11250/220336>

Regulering J-154-89 av 12.10.1989 <http://hdl.handle.net/11250/220173>

Regulering J 135/85 av 02.10.1985, gjeld til 31.12.1990 <http://hdl.handle.net/11250/2364603>

Regulering J 370 av 22.12.1972, gjeld frå 01.01.1973 <http://hdl.handle.net/11250/125119>

I regulering J 884/64 A av 23.1.64 er Austefjorden, Kilsfjorden, Hjørungfjorden, ikkje med
<http://hdl.handle.net/11250/125133>

Kor mykje lys pr. notlag <http://hdl.handle.net/11250/125089>

Andre nyttige lenkjer

Er på leitning etter brev til styresmaktene frå Austefjordingane og regulering før 1972 ???????

Fiskebåtregister <https://register.fiskeridir.no/fartoyreg/>

Fartøyregister <https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Registre-og-skjema/Fartoyregisteret>

Norges Sildesalslag <https://www.sildelaget.no/no/>

Vestnorges Fiskesalslag <https://vnf.no/>

Facebook, Austefjorden, last inn meir bilete frå tidlegare i år om de har

https://www.facebook.com/search/top/?q=Austefjorden&epa=SEARCH_BOX

Sjå og <https://lokalhistoriewiki.no> der

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Liste over artiklar om sj%C3%B8fart og fiske tilknytt Volda kommune](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Liste_over_artiklar_om_sj%C3%B8fart_og_fiske_tilknytt_Volda_kommune)

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Notlag i Austefjordomr%C3%A5det](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Notlag_i_Austefjordomr%C3%A5det) der artikkelen

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/%C3%85rset notlag](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/%C3%85rset_notlag) under avsnitt Nøter gi størrelse på kystnøter

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Landnotset i Austefjordomr%C3%A5det](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Landnotset_i_Austefjordomr%C3%A5det)

Sluttsats, skripar, E-post og telefonnr

Politisk ser det ut som dei tre siste fiskeri-ministerane; Svein Ludviksen, Per Sandberg og Tom Harald Nesvik har bidrege mest til andre gongs nedfisking av lokale fastståande fiskestammer (fyrste gongs nedfisking ca. 1955 – 1975). Sistemann sa på fjensyn ved «tiltredelse» at han ikkje hadde den ringaste peiling på fisk, men var flink til lære. I svaret under passar ein på å ikkje gå meir bakover i tid (30 år) enn om lag halv gjenveksttida for lokale sildestammer opp til «vaklande gange», jmf. kunnskap 1955 – 2017, fiskeridir. sine J-meldingar

Det kom oss i hende to sider. Svaret (under) frå fiskeriminister til spørsmål stortings-representant i KrF fortel noko om kor lett/vanskeleg det er for strandsitjarar, lag og organisasjonar, kommunestyre, fylkeskommuner, fylkesmannen og miljøverndirektorat å nå fram og bli registrert med «innspill» hos fiskeri-direktøren og departementet. Tilbake-meldinga nedanfor er tilrettelagt svar for fiskeriminister våren 2019:




Foto av utskreven tekst: Oddvar Høydalsvik

Her står det då svart på kvitt at «at vi ikke driver med nedfisking av lokale stammer». At det går an. **Ein driv då med nedfisking av lokale stammer for andre gong på 60 år** kysten til ende, jmf.; fiskeridir sine J-meldingar og andre notatar 1957 - 2020

Norges fiskarlag melder til fiskeridirektøren på denne måten i forhandlingsmøtet 2019
<https://www.fiskeridir.no/content/download/26594/380042/version/28/file/Sak-26-2019-brisling-innspill-Norges-Fiskarlag.pdf>

Sjå avsnitt: Sjikane og hets av kystnært notfiske

Slikt er «støy og skodde-legging» for å dekke over at frå 1989 har ein på nytt gradvis fått løyve til bruk av lys og djup not på kysten. Altså **arbeidd seg bakover i tid til regulering 1963**, før innføring av lysforbod ved fyrste gongs nedfisking av lokale fiskestammer i grunne fjordar og sund

Er det ingen i fiskeri-miljøet (fiskar, kontrollør, lovgjevar) som torer å åpne augene og sjå kva som skjer ?

Haust 2019 ferierte skrivaren slik: Kjørde til Grense-Jakobs-elv, tok seg heimatt gjennom Finnmark, Troms og Norland ved å stoppe i fjordbotnane, finne seg ein så gammal mann som mogeleg og snakke om fiske i fjordbotnane tilbake til 1950. Ingen namn er noterte. Dette kjem fram:

- Same fyrste gongs nedfisking føregjekk sørfrå og nordover etter kvart som det gjekk tomt for lokale fiskestammer, fjord for fjord
- Troms og Finnmark hadde si utfisking av lokale stammer fyrste åra frå 1970
- I nord har ikkje dei lokale fiskestammene fått lov å bygge seg opp att slik det var tilløp til i Møre og Romsdal før J-169-2017
- Fiskeridir. og Havforskningsinstituttet har nekta for at lokale sildsestammer nokon gong har funnest før siste åra
- Presset på fjordane aukar med meir lys, større båtar og djupare nøter
- Det naturlege vernet på gyting har minka grunna kraftutbygging som gir varmare overflatevatn i fjordane og meir sjeldan fjord-is (mindre naturleg vern for gytefisk)
- «Islandske tilstandar» i fiskeria gir aukande press på fjordane (slik ordlegg ein seg)
- Dei lokale sild- og brisling-stammene har berga seg nokre få plassar som ein levande, men ikkje oppegåande, bestand. Innafor ei lav bru - helst med ein grunn straum - i ein poll - kan litt lokal sild overleve, om ein ikkje regulerar fisket meir i fjordbotnar og grunne område

Skrivaren ber lesarane tenkje etter. Kvar ser det slik ut. To slike er observert med lokal, lokal sild

- Kilsfjorden i Volda kommune inn om brua på Straumshamn (ei bøn; far fint med dei få gjenverande lokale sildane)
- Glimma inn for Presteidstraumen på Hamarøy (ved Hamsundsenteret)

Har lesaren informasjon som kan bidra til å få fram ei fornuftig forvaltning utan utrydding av lokale fiskestammer, er mange kring fjordane takksame for det

Skrivaren har sett saman stoffet ovanfor frå lokale fjorda-folk sin kjennskap til emnet – også eigen kunnskap. Ein ser at om ting skal bli heilt rett er det behov for forskingsprosjekt i lang tid framover

Som ei mellombels løysing må fiskeridirektøren forby bruk av lys ved notbruk i grunne fjordar og sund. Og gje lokal sild, brisling, sil.. - kvardagsmaten til lokale fiskestammer og sjøfugl – dei feitthaldige fiskeslaga - eigne kvotar - **og regulere desse til 0 - null** - til lokalområda fungerer

Det heile minner om bibelske tilstandar som dei med sundags-skule-utdanning kjenner... «du skal ikkje ta maten frå borna og gje det til hundane»

Ein vil prøve å bygge skrivet vidare om ein finn meir informasjon

Ser du feil. Meld frå så det kan sendast retting til «rette vedkomande»

Viktigast: Har du ei meining om forvaltning av kystfiske, send E-post direkte til postmottak@fiskeridir.no . For denne saka spesielt hugs saksnummer **18/17946**. Telefonnummer og meir opplysingar finn du på www.fiskeridir.no . Send E-post. **Forlang registrering** på saksnr. av post eller telefonsamtale. **Snill kontakt** pr. tlf. el. brev ser ein **blir registrert som ingen kontakt**. Ref. fiskeri-statsråd-svar «det er ikke registrert lignende henvendelser» som i alle fall ikkje er resultat av aktiv lytting

Med helsing

Oddvar Høydalsvik

oddvarhoydalsvik@gmail.com

90533204

(som har samla og sett saman innsamla materiale av 28.01.2019 med oppdatering (denne) av 02.02.2020 etter bestilling frå Austefjord Grendalag på eit folkemøte om saka 10.01.2019)